

Møre og Romsdal Folkemusikklag – Årsmelding for driftsåret 2012

Framlagt til årsmøtet laurdag 9. mars 2013

Møre og Romsdal Folkemusikklag består av FolkOrg sine medlemslag i Møre og Romsdal.

Folkemusikklaget skal etter vedtektene samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen, leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga, medvirke til å skipe nye lag, drive opplærings- og kursverksemd, i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter, syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år, drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivet si verksemd, gi ut Folkemusikkbladet to gonger i året.

Fullle vedtekter følgjer sist i årsmeldinga.

Medlemslag:

Nordmøre Spelmannslag – Nordmøre	www.nordmore-spelmannslag.com
Valldal Spelemannslag – Valldal	www.valldalspelemannslag.no/
Spelemannslaget i Ungdomslaget Ivar Aasen – Ålesund	www.ulivaraasen.no
Ålesund Spelemannslag – Ålesund	www.alesundspelemannslag.no/
Spelemannslaget "Havella" – Fosnavåg	www.havella.com
Rauma Spelmannslag – Åndalsnes	www.raumaspelemannslag.com
Romsdal Spelemannslag – Molde	www.romsdalspel.no
Spelemannslaget Dâm og Drag – Vestnes	www.damoqdraq.no
Tressalaget – Vestnes	tlf. 71 18 47 91
Grendalaget – Vestnes	tlf. 91 60 84 68

Styret:

Leiar:	Leikny Aasen	Spelemannslaget i UL Ivar Aasen
Nestleiar:	Kirsty McKinnon	Nordmøre Spelemannslag
Kasserar:	Øyvind Remme	Spelemannslaget i UL Ivar Aasen
Skrivar:	Guttorm Roaldsnes Ulvund	Romsdal Spelemannslag
Styremedlem:	Olav Wangensteen	Spelemannslaget i UL Ivar Aasen
Redaktør i Folkemusikkbladet:	Dagfinn Nupen	
Vara:	Grethe Bjerkan	Nordmøre Spelemannslag
	Hilde Bergfald	Nordmøre Spelemannslag

Styremøte:

I driftsåret 2012 vart det halde seks styremøte. I alt er 28 saker handsama.

Representasjon:

Leikny Aasen representerte laget på årsmøtet i Møre og Romsdal Folkemusikkarkiv i mai 2012.

Møre og Romsdal Folkemusikklag – Årsmelding for driftsåret 2012

Framlagt til årsmøtet laurdag 9. mars 2013

Tilstellingar:

Fylkeslaget har ein lang tradisjon med å arrangere kappleikar. Då møtast folkemusikarar og dansarar i alle aldrar frå heile fylket til tevling og sosialt samvær. Dei siste åra har det vore Fylkeskappleik om våren og Sjokoladekappleik om hausten. Fylkeskappleiken mønstrar alle - Sjokoladekappleiken er til for dei unge under 18 år. Utan kappleikane hadde det vore dårleg stelt med folkemusikkmiljøet. Det er her vi treffer likesinna og blir inspirert, og det er her vi måler krefter med andre.

Fylkeskappleiken 21. - 22. april - Skei, Surnadal

Lokal arrangør var Nordmøre Spelmannslag.

Nordmøre Spelmannslag var 80 år 27. februar 2012, og er truleg blant dei aller eldste spelmannslaga som er aktive. Laget har spelt inn CD som var lansert under Fylkeskappleiken. Meir om laget kan de lese på heimesida deira (sjå adressa ovanfor).

Kappleiken var lokalisert til Vårsøg Hotell i Skei, Surnadal. I kaldt, men godt vårvær var det flott å ha god plass inne, og gode myldringsområde for buskspelet (les: uformelt solo og samspel i krokar og krikar)

I alt 49 startnummer, fordelt på 21 klasser, deltok i ei godt tilrettelagd tevling.

Dagfinn Nupen 80 år

På fylkeskappleiken fekk Dagfinn Nupen overrekket gåve frå MRFL i høve 80 års dagen sin i mai. Dagfinn er ein heidersmann som har via store delar av livet sitt til folkemusikken og særleg dei eldre folkemusikkinstrumenta. Han er også ein aktiv og engasjert redaktør av Folkemusikkbladet, medlemsbladet til Møre og Romsdal Folkemusikklag.

Sjokoladehelg 29. – 30. september - Tresfjord

Folkemusikklaget, i samarbeid med Spelemannslaget Dâm og Drag, stod for tilskipinga av Sjokoladehelg for dei yngste i folkemusikkmiljøet. Det var ei todelt helg med kurs i tradisjonsmusikk og dans for born og unge på laurdag, såkalla Sjokoladekurs og Sjokoladekappleik søndag. Det var første gong at fylkeslaget arrangerte denne type kurs knytt opp mot Sjokoladekappleiken.

Sjølv Sjokoladekappleiken var på søndag. Det er ingen rangering på disse kappleikane, men domarane hadde gode kommentarar etter kvar framføring, og nokre fekk ei ekstra påskjønning på avslutninga.

Det var god påmelding til begge dagane. NRK Møre og Romsdal Lokal TV sende 1. oktober ein reportasje frå Sjokoladehelga i Tresfjord.

Ny heimeside

Styret har gjennom driftsåret arbeidd med å få i stand ei heimeside. Anna Liv Skjelten Gjendem vart utnemnd av styret til å lage denne.

Heimesida er no offentleggjort under www.folkemusikklag.no.

Folkemusikkbladet

Redaktøren av Folkemusikkbladet, Dagfinn Nupen frå Ørsta, har gjort eit framifrå arbeid med utgjevinga av medlemsbladet til Møre og Romsdal Folkemusikklag. Bladet har kome ut med to nummer kvart år i 28 år, og det står i vedtektene at bladet skal ha denne utgjevingsfrekvensen.

Folkemusikkbladet er fylkeslaget sitt ansikt både mot medlemmane, men ikkje minst mot dei som ikkje er innanfor folkemusikkmiljøet.

Møre og Romsdal Folkemusikklag – Årsmelding for driftsåret 2012

Framlagt til årsmøtet laurdag 9. mars 2013

Bladet er avhengig av annonseinntekter for å gå i balanse. Det er medlemslaga sitt ansvar å skaffe annonseinntekter, og dette arbeidet har vore varierende, og enkelte år nesten fråverande. I 2012 vart det seld ein del annonser. Likevel går drifta av bladet med underskot.

Kappleiksføresegner

Etter oppmoding frå formannsmøtet i Surnadal 2011, har styret handsama kappleiksføresegnene. Styret har gitt fullmakt til kappleiksarrangøren 2013 i Ålesund å foreta ein test av nytt system.

Folkemusikken i media

Styret har i gjennom året sett på korleis ein kan få presentert meir folkeleg musikk i NRK lokalradio.

Styret har arbeidd med eit programutkast til meir folkeleg musikk i lokalradioen. Dette arbeidet tok ei god form, men vart stoppa av musikkprofilgruppa til NRK som skal ivareta utvalet av musikk i lokalradioen.

Samarbeid med Folkemusikkarkivet i Volda (FAMR)

Styret har gjennom året hatt kontakt med Folkemusikkarkivet i Volda for å få til eit samarbeid om ei administrativ stilling for begge laga. FAMR har pr. dato fast tilskot frå fylket til ei stilling i 30% for arkivet, mens Folkemusikklaget har eit årleg tilskot på kr 15.000.

FAMR har tilsett ny dagleg leiar frå 1. januar 2013.

Samarbeid med FolkOrg

”Helgen i Bergen”

To styremedlemmer og ein deltakar frå Dâm og Drag deltok på ”Helgen i Bergen”, eit fagseminar for folkemusikarar og dansarar.

Styret hadde lyst ut kurset med kurs- og reisestønad.

Den økonomiske stoda

Lagsdrifta har i 2012 gitt eit underskot på ca 24.000 kroner. Kapitalen har sunket til ca. 67.500 kroner.

Sluttord

Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag seier seg nøgd med aktiviteten i laget.

Vestnes, 9. mars 2013

Møre og Romsdal Folkemusikklag – Årsmelding for driftsåret 2012

Framlagt til årsmøtet laurdag 9. mars 2013

Vedtekter

Vedtekter for Møre og Romsdal Folkemusikklag

§ 1. Føremål

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

§ 2. Lagsoppgåver

Fylkeslaget skal :

- Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,
- leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga
- medverke til å skipe nye lag - drive opplærings- og kursverksemd
- i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter
- sty for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år
- drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd
- laget skal gi ut Folkemusikkbladet to gonger i året

§ 3. Medlemskap, tilknytning

Fylkeslaget er knytt til Landslaget for Spelemenn. Alle spelemannslaga i fylket som er med i Landslaget for Spelemenn, er medlemmer av fylkeslaget.

Laga og lagsmedlemmene betaler medlemskontingent til fylkeslaget.

Ein del av kontingenten for lagsmedlemmer/einskildmedlemmer skal gå til Folkemusikkbladet. Storleiken på denne delen vert til ei kvar tid fastsett av årsmøtet.

Einskildmedlemmene kan bli direkte medlemmer i fylkeslaget dersom dei ikkje naturleg kan vere medlem i eit lokallag. Dei betaler kontingent til Landslaget for Spelemenn og fylkeslaget.

§ 4. Årsmøte

Årsmøte vert halde kvart år og skal avviklast seinast 2 veker før årsmøtet i Landslaget for Spelemenn. Kvart lokallag har rett på 2 utsendingar. Røysterrett på årsmøtet har dei valde utsendingane og styret i fylkeslaget. Styret har ikkje røysterrett ved handsaming av årsmelding og regnskap.

Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet til avgjerd, må sendast styret seinast 5 veker før årsmøtet. Laga skal ha melding om årsmøtet i god tid før denne fristen. Sakslista vert sendt lokallaga minst 3 veker før årsmøtet. Alle saker som ikkje gjeld oppløysing eller lovbrigde, vert avgjorde med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst utfallet.

Årsmøtet skal

Møre og Romsdal Folkemusikklag – Årsmelding for driftsåret 2012

Framlagt til årsmøtet laurdag 9. mars 2013

- 1) Velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.
- 2) Handsame styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap og arbeidsprogram for komande år.
- 3) Fastsetje kontingent og storleik på bladpengar til folkemusikkbladet.
- 4) Velje styre med varamedlemmer, revisor, valnemnd, og utsending(ar) til årsmøtet i Landslaget for Spelemenn.
- 5) Handsame andre saker som er tekne opp av styret eller lokallaga og som ligg innanfor føremålet for organisasjonen.

§ 5. Val

Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer, i tillegg er redaktør av Folkemusikkbladet fullverdig styremedlem. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik av minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og to revisorar. Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar, ein frå kvart fogderi, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret vel sjølv seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar.

§ 6. Styret

Styret er ansvarleg for leiing av fylkeslaget og skal gjennomføre arbeidsprogram og gyldig vedtak som årsmøtet har gjort. Styret kan elles ta opp saker som ligg innanfor laget sitt føremål og arbeidsoppgåver. Leiaren kallar inn til styremøte og er ansvarleg for leiing av møta. Styret er vedtaksført når minst tre av medlemmene er til stades og innkallinga er sendt med minst ei veker varsel. Styret kan vedta at tre av medlemmene skal fungere som arbeidsutval. Styret kan nemne opp nemder som kan ta seg av særskilde oppgåver innanfor laget sitt føremål.

§ 7. Omframt årsmøte

Det skal haldes omframt årsmøte dersom styret finn at særskilde høve gjer det naudsynt, eller minst 1/3 av laga krev det.

§ 8. oppløysing

Fylkeslaget kan verre løysast opp av årsmøtet med minst 3/4 fleirtal. Vert laget løyst opp og ikkje innan ti år tek opp arbeidet på same grunnlag, avgjer Landslaget for Spelemenn korleis laget sitt sige skal takast vare på, og eventuelt disponerast i fylket til føremål laget har arbeidd for.

§ 9. Lovendring

Denne lova kan berre endrast av årsmøtet eller omframt årsmøte med 2/3 fleirtal.